



INFORMASJONSSKRIV

TIL FØRDE IL LANGRENN SINE MEDLEMMAR

VÅREN 2021

Vinteren 2021 starta noko trått med lite snø og mykje mildvær før nyttår. I januar kom det ein betydeleg periode med svært kaldt vær, og Langeland skisenter produserte kunstsno i nærare 2,75 km av trasèane på Langeland. I tillegg til rikeleg med kunstsno kom det også bra med natursno ut over i januar. Det bidrog heldigvis til at borna og ungdomane våre har fått trenar og konkurrert gjennom vinteren. Å arrangere NorgesCup for senior i februar var sjølvstekt eit høgdepunkt for langrennsgruppa og miljøet vårt. Alt i alt ein relativt god sesong på Langeland, sjølv om det vart tidleg vår i mars månad. Ein noko uvanleg sesong er no over.

Langrennsgruppa har som mål å informere betre til eksisterande, nye og komande medlemmer i gruppa. Difor får du no det fyrste informasjonsskrivet til alle medlemmar. Vi håpar særleg at det er til nytte og motivasjon til dei som er nye i gruppa. Målet vårt er å sende ut tre slike skriv kvart år. Meld gjerne til oss om det er noko du vil at vi skriv om, eller tiltak de synes vi bør få til.

Kva skjer framover:

- **Premiefest og Mesterens Mester på Langeland 05. juni 2021**
Ivrig barn og unge, ja ivrige vaksne med, fortener absolutt ei sesongavslutning! I år inviterer vi til spanande aktivitetar inspirert av Mesterens Mester kombinert med premieutdeling for innsats både gjennom sesong og i nokre enkeltløp. Meir og nærare informasjon vert sendt ut i forkant av arrangementet.
- **Fellestreningane vart avslutta til påske**
No kan de ta velfortent pause før ny sesong.
 - Eldste gruppe (utøvarar f. 2008) startar treningane igjen etter 17. mai.
 - Dei yngre gruppene startar med fellestrening i veka etter haustferien.
- **Årsklassane vert endra frå 1. mai**
Ver merksam på at årsklassane vert endra frå og med 01. mai, slik at til dømes ein utøvar født i 2010 frå 01. mai går i 12-årsklassen.
- **Miljø- og familiehelg på Sognefjellet 25.-27. juni 2021**
Langrennsgruppa planlegg Miljø- og familiehelg på Sognefjellet. Her kan alle vera med. Dette er eit godt høve til å bli betre kjent på tvers av aldersgrupper og blant foreldra. Set av helga allereie no. Informasjon om opplegg og påmelding kjem i løpet av våren.

- **Nærsamlingar**

Det vert gjennomført Miljøsamlingar til hausten, truleg ei samling i september og ei i oktober.

- **Miljø- familiehelg på Beitostølen 26.-28. november 2021**

Vi planlegg Miljø- og familiehelg på Beitostølen. Dette er også ei samling for alle i langrennsgruppa med eit kjekt sosialt og sportsleg opplegg. Informasjon om opplegg og påmelding kjem til hausten.

- **Dugnad**

Vi har fleire dugnader gjennom året, og vi er heilt avhengig av at alle foreldre stiller opp. Dette gjeld særleg på karusellrenna (6 renn), samt aktuelle krinsrenn som går av stabelen på Langeland. Vi bidreg også vanlegvis i arrangement som t.d. Helse Førde stafetten og Førde Opp.

- **Langrennsgruppa sitt årsmøte vart avvikla 03. mars 2021**

Referat frå årsmøtet vert gjort tilgjengeleg på vår nettside.

Det nye styret består av:

- | | |
|---------------------|--|
| • Yngve Thorsen | (leiar) |
| • Ørjan Igelkjøn | (nestleiar/ ansv. sport) |
| • Anders Bjørkhaug | (klubb- og miljøansvarleg) |
| • Lars Grøteide | (informasjonsansvarleg) |
| • Kristine Steindal | (premie- og seremoniansvarleg) |
| • Mariann A. Husa | (premie- og seremoni/ arr.- og dugnadsansvarleg) |
| • Monica Otternes | (arrangement- og dugnadsansvarleg). |

I tillegg bidreg Asgeir Tveit som økonomi- og systemansvarleg.

Kontaktpersonar i styret:

Yngve Thorsen

Mobil: 908 02 575

E-post: yngve.thorsen@coop.no

Ørjan Igelkjøn

Mobil: 911 91 092

E-post: orjan.igelkjon@enivest.net

Lars Grøteide

Mobil: 415 30 992

E-post: lgroteide@gmail.com

Sportsleg helsing

Styret i Førde IL Langrenn

Følg oss på: <https://www.facebook.com/groups/189339804416559>